

ÅRSRAPPORT OPERA NORDFJORD 2008

Innleiing og samandrag

Opera Nordfjord hadde eit spennande år i 2008, med vidareføring av Opera Workshop i juni/juli og Norden-premiere på operetten "Hertuginna av Chicago" av Emmerich Kálmán i oktober. I tillegg vart 2008 eit år med vesentleg plan- og førebuingsarbeid for to spennande prosjekt som skal realiserast i 2009 og 2010: Verdspremiere i april-2009 på operaen "Tyrffing" av Johannes Haarklou, ferdig-komponert i 1912, og tingingsverk av Helge Førde og Are Kalvø, den komiske operaen "Norge-Brasil, ein opera" med urpremiere i oktober 2010.

Bygginga av Operahuset Nordfjord, som ein del av samlokaliseringa av allmenn- og yrkesfagavdelinga ved Eid Vidaregåande Skule, Folkebiblioteket og ny kinosal har gått mot ferdigstilling i løpet av året og vil samla stå ferdig i april 2009. Opera Nordfjord har vore ein sterk pådrivar for å byggje ein konsertsal av ypparste kvalitet tilpassa både Opera Nordfjord og det øvrige kulturlivet sine behov, og undertekna har hatt gleda av å vere medlem i den kommunale brukargruppa og andre prosjektgrupper i dei 6 åra plan- og byggeprosessen har pågått.

Med den flotte operasalen går vi framtida lyst i møte og gler oss til å iscenesetje nye produksjonar i optimale lokale med orkestergrav, scenetårn, stor scene og framifrå akustikk. Samarbeidet med Eid vidaregåande skule om produksjon av kulissar/rekvisittar og opplæring på lysdesign vert endå viktigare og vil etter kvart kanskje også omfatte andre arbeidsområde, som kostymesaum og sminkedesign.

Når vi ser framover, ser vi ei utvikling mot heilårsaktivitet, med ein vinterproduksjon av forskjellig storleik og innhald, samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken om våren (under planlegging), Opera Workshop i sommar-månadene og den tradisjonelle hovudproduksjonen om hausten. Vi kjem ikkje utanom ei profesjonalisering av administrasjon og styrearbeid, sjølv om grunnpillaren i Opera Nordfjord sitt virke framleis vil vere alle dei frivillige medarbeidarane og det viktige og uvurderlege arbeidet dei gjer for operaselskapet.

Nordfjord Internasjonale Opera Workshop

I perioden 25. juni - 6. juli arrangerte Opera Nordfjord for tredje gong opera workshop for unge musikk-talent, både songarar og pianistar. Sopran Elizabeth Norberg-Schulz og pianist Sergio Oliva frå Operaen i Roma var lærarar, som året før, og i 10 dagar kunne deltakarane ta til seg lærdom frå dyktige læremeisterar. I tillegg til lange dagar med undervisning og meisterklassar fekk deltakarane tilbod om å delta på tre konsertar: 29. juni på Hotel Alexandra, 1. juli i Eid Kyrkje og stor operagalla 5. juli i Aulaen på Fjordane Folkehøgskule. Michael Pavelich hadde ansvar for regi på gallakonserten, der ein presenterte over 20 scener frå operalitteraturen med kostymer, sminke og rekvisittar.

Kurset set sitt preg på nærmiljøet i Nordfjordeid sentrum og er eit kjærkome tilbod både for vårt trufaste, lokale operapublikum og for tilreisande turistar. Workshop-deltakarane er begeistra for kurset, som tilbyr eit viktig supplement for songarar og pianistar som ønskjer å spesialisere seg innan operafeltet. Ein planlegg ny workshop i same periode i 2009 med den same lærarstaben.

”Hertuginna av Chicago” – operette av Emmerich Kálmán

Val av repertoar for hovudproduksjonen i 2008 vart gjort på bakgrunn av eit søk på internett eit par år tidlegare. Michael Pavelich søkte etter ukjende operetter, og kom over eit lydklipp av ”Die Herzogin von Chicago” av Emmerich Kálmán. Stykket vekte interesse, og etter ein presentasjon av stykket for styret, vart det etter kvart bestemt at vi skulle arbeide mot ei oppsetjing hausten 2008. Weinberger i London vart kontakta, og Opera Nordfjord fekk løyve til å setje opp stykket for første gong i Norden. Kari Standal Pavelich omsette operetten med både dialog og songtekstar til nynorsk, med Knut Jørgen Moe som konsulent, og det var knytt stor spenning til korleis stykket ville bli motteke av publikum. Operetten vart ein av dei største publikum-suksessane i Opera Nordfjord si unge historie, kun forbigått av Den Glade Enke i 2004 i antal selde billetter.

Regissør var **Knut Jørgen Moe**, og han laga ei flott og underhaldande forestilling. Alle rolleinnhavarane hadde stor suksess i sine respektive roller. **Helga Botn** gjorde rolla som den bortskjemde rikmannsdottera Miss Mary Lloyd, **Knut Magnus Sandve** tolka rolla som Prins Sandor av Sylvaria, **Trine Øien** gjorde den sjarmerande Prinsesse Rosemarie, medan **Anders Vangen** fekk fantastisk respons på si tolking av verds mannen Mr. Bondy. I dei andre rollene møtte vi regissør **Knut Jørgen Moe** som pølsekongen Benjamin Lloyd, **Are Frode Søholt** som Perolin, **Bjørn Gisle Seter** som Bojazzowitsj, **Øystein Salhus** som den felespelande sigøynaren Mihaly og den lokale **Alf Reidar Myrstad** som den eksentriske klubb-eigaren Tihanyi. I tillegg vart fleire lokale talent nytta til mindre roller.

Michael Pavelich er kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord og hadde ansvaret både for korinnstudering og den musikalske leiinga, som dirigent for i alt 8 forestillingar.

Koret var samansett av songarar frå heile Nordfjord og omegn, med representantar frå Stryn, Måløy, Vanylven og Eid, tilsaman 32 koristar.

For første gong engasjerte Opera Nordfjord profesjonelle dansarar, og alle er heimehøyrande i Nordfjord. Dei løfta produksjonen med sin profesjonalitet, og koreograf **Candice Bredezen** gjorde ein flott innsats både med dei profesjonelle dansarane og amatørane i koret.

Med den verdskjende pianisten **Morten Gunnar Larsen** i orkesteret fekk forestillinga ein ekstra dimensjon, då han hadde ei eiga solo-avdeling som ein del av handlinga. Dette innslaget skapte spesielt stor begeistring kveld etter kveld.

Orkesteret var samansett av stammen av profesjonelle orkestermusikarar i fylket vårt og omkringliggjande distrikt, med ”gjestar” frå Ålesund, Ørsta, Volda og frilansmarknaden elles.

Øvrige profesjonelle designarar var scenograf **Pål Dixon Sandberg**, kostymedesignar **Anne Gotaas**, maskør **Per Ragnar Karlsen** og lysmeister **Svein Roald Knudsen**, som alle gjorde ein framifrå innsats på sine arbeidsfelt for å lage ei glitrande og underhaldande forestilling.

Oppsummering

Opera på Eid om hausten er like visst for våre innbyggjarar som at hjortejakta tek til. Når haustmørkret set inn, er operaen i full sving med øvingar og førebuingar. Forestillingane på Eid dreg publikum til Nordfjord frå heile landet, sjølv om eige fylke og Sunnmøre sjølvsagt er ekstra godt representert både blant publikum og tilreisande hotellgjestar. Vi ser fram til ei ny tid i vår nye "heim", Operahuset Nordfjord, og vil halde fram med å gje vårt publikum stadig nye og spennande opplevingar. Vi tek oppdragar-rolla på alvor og ønskjer å ta ansvar for å få operakunsten ut til folket, både gjennom den fantastiske operalitteraturen som allereie eksisterer og gjennom spennande ny-produksjonar. 2009 peiker såleis mot nyskaping og nytenking, med verdspremiere til operahusopninga i april, *Carmen* i oktober og ferdigstilling av ein ny, norsk opera, som skal ha urpremiere i 2010!

Leiinga i Opera Nordfjord takkar alle våre støttespelarar og bidragsytarar for all god og nødvendig støtte: Kulturdepartementet, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Eid Kommune, Norsk Kulturråd, hovudsponsorane Sparebanken Vest og Sogn og Fjordane Energi, det øvrige sponsorapparatet og, ikkje minst: alle frivillige medarbeidarar, som legg ned tusenvis av gratis arbeidstimar i operaen si teneste. Utan alle desse aktørane er Opera Nordfjord si etablering, vekst og suksess utenkjeleg! Vi ser fram til mange gode samarbeidsår i nær og fjern framtid i evig jakt på gode operaopplevingar, som skal bevege og begeistre vårt publikum!

Nordfjordeid, den 01.03.09

Kari Standal Pavelich

operasjef